

Kommentarar til Hovudmåla i KDP HSO

Kommuneplan samfunnsdel Hovudmål 1 – Alver er eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender

KPS MÅL 1.2: Alver har levande bygder med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommunen. Alver legg til rette for bustadområde av ulik storleik og spreidd busetnad som støtter opp om og utviklar bygdene og grendene i heile kommunen.

«*Vi skal ha desentraliserte tenestetilbod*»:

Kommentar: Friskliv, læring og meistringstenester i Alver kommune er avhengig av fleire ressursar/ midlar for å fortsette med det sjukdomsforebyggjande og helsefremmande arbeidet i distrikta. Målgruppa er stor og geografisk spreidd. Det er ynskjeleg å arrangere eigne kurs i distrikta, for eksempel eigne livsstilsendringskurs for barn og familiær med fedme/ overvekt i skulekrinsen der dei bur.

Kommuneplan samfunnsdel Hovudmål 3 - Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga

KPS MÅL 3.1: Innbyggjarane i Alver skapar, opplever og deltek aktivt i lokale kultur- og idrettstilbod

«*Vi skal ha attraktive tilbod og møteplassar som seinkar terskelen for å delta innan kultur og idrett*»:

Kommentar: Ref: Folkehelseprofil for 4631 Alver, 2022. Befolkningsstørrelse per 1. januar 2021. Alver kommune er under landsgjennomsnittet i forhold til innbyggjara som deltar i fritidsorganisasjonar og som er nøgd med eigen helsesituasjon. Ein måte å tenkje førebygging, er å satse på helsefremmande kurs i regi av Friskliv, læring og meistringstenester som kan hjelpe vaksne, eldre og barn/ unge ut i aktivitet og idrett.

Commented [BT1]: sette dette først i avsnittet?

Commented [BT2]: fjerne det med gult?

KPS MÅL 3.3: Frivillig sektor i Alver er mangfoldig og sterk

«*Vi skal leggje til rette for eit tett samarbeid med frivilligheita for å utvikle gode lokalsamfunn, aktuelle tenester og tilbod til innbyggjarane*»:

Kommentar: Friskliv, læring og meistringstenester har i dag eit godt samarbeid med frivilligkeitssentralen, og ynskjer å fortsette dette samarbeidet også i framtida. Frivilligheita er ein naturlig samarbeidspartner for friskliv, læring og meistringstenesta. I framtida ynskjer vi å utvide samarbeidet med å sette opp grupper som kan drivast av frivilligkeitssentralen. Dette kan til dømes være utandørs aktivitetsgruppe slik som i Bergen, Trim for eldre osv... Vi har i dag samarbeid med

brukarorganisasjonar rundt kurs for vaksne, og ynskjer å utvikle også dette samarbeidet i framtida for å styrke brukarmedverknad.

«*Vi skal styrke frivilligsentralen si rolle på følgjande område:* • utvikle og koordinere det frivillige arbeidet • vere eit møtepunkt mellom offentlege tenester og det frivillige organisasjonslivet»:

Kommentar: Frivilligkeitssentralen er ein naturleg samarbeidspartner for Friskliv, læring og meistringstenester, og dette samarbeidet har stor samfunnsøkonomisk gevinst. Dette samarbeidet vil komme innbyggjarane i Alver kommune til gode ved at det frigjer ressursar som då kan nyttast inn mot å betre/ utvikle det faglege tenestetilbodet frå Friskliv, læring og meistringstenester.

Kommuneplan samfunnsdel Hovudmål 4 - Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse

KPS MÅL 4.1: Innbyggjarane i Alver har ein meiningsfylt og aktiv kvardag

«*Vi skal ha aktivitetar, tilbod og møteplassar som seinkar terskelen for å delta, og førebyggjer utanforskaps»:*

Kommentar:

Vi viser til høringsuttale ang behov for å **“styrke kurstilbod i regi av kommunens lærings og meistringstilbod og utgreiing av etablering av Frisklivssentralen i Alver kommune”**. Denne type kurs er ein type lågterskeltilbod som bidreg til betre folkehelse. I tillegg er det et viktig bidrag for å redusere sjukefråvær. Mange kommunar i Noreg har i dag kommunalt forankra Frisklivssentralar/ Friskliv og meistrings tenester for å dekke innbyggjarane sitt behov. Samanliknar vi oss med andre kommunar i Bergensområdet har dei oppretta faste stillingar knytt til dette arbeidet. Sjå vedlegg 1. For ein storkommune som Alver med nesten 30 000 innbyggjarar burde det som eit minimumskrav vere tilsett ein 100% stilling som jobbar fast med dette. Dersom ein ser innbyggjartalet i kontekst av avtalen som er inngått med dei andre Nordhordlands kommunane om å kjøpe plassar på kurs i regi av Friskliv, Læring og Meistring til sine innbyggjarar. Då ser vi på eit totalt folketal på nesten 50 000, som Frisklivssentralen skal dekke.

KPS MÅL 4.2: Born og unge i Alver har ein trygg oppvekst.

«*Vi skal arbeide aktivt med førebygging og tidleg innsats gjennom tverrfagleg samarbeid og koordinering»:*

Kommentar: Vi viser til høringsuttale ang behov for å **“styrke kurstilbod i regi av kommunens lærings og meistringstilbod og utgreiing av etablering av Frisklivssentralen i Alver kommune”**. Mykje av kommunens førebyggjande og lågterskeltilbod kunne vore organisert under ein Frisklivsentral. Opprettning av ein Frisklivssentral eller ei avdeling for Friskliv, læring og meistringstenester vil koordinere det førebyggande arbeidet, og være ein naturleg link mellom kommunen og frivillige og

Commented [BT3]: Opprettning av ein frisklivssentral eller avdeling for friskliv og meistringstenester vil kunne samle og koordinere det førebyggjande arbeidet

lag/organisasjonar. Alver kommune har i dag nesten 30 000 innbyggjarar, og pr i dag utnyttar ikkje storkommunen det helsefremmande og førebyggjande potensialet som finns i ein Frikslivssentral. Som det står i KDP HSO vil det i framtida være eit gap mellom tilgjengelege ressursar og behov (s.7), og ved å satse meir på det førebyggjande og helsefremmande arbeidet vil behovet for tenester reduserast.

Helse og omsorgsloven §§ 3-2 og 3-3 regulerer kommunens ansvar for å gje opplysningar, råd og rettleiing som kan bidra til å fremme helse og førebyggje sjukdom, skade og sosiale problem. Pr dags dato har vi eit Friksliv, læring og og meistringstilbod i kommunen, drive av Fysio-ergoterapitenesta og legetenesta med kreftkoordinator. Viser til Alver kommune si nettside: [Alver kommune - Friksliv og meistring](#). Tilboden vi har i dag er basert på tilskot og ressursar frå desse avdelingane. Dette er ressursar avdelingane i utgangspunktet ikkje har, men har valt å bruka inn mot Friksliv, læring og meistring då ein ser at satsinga er effektiv, samfunnsøkonomisk, samt kjem brukarane i kommunen til gode. Dette er ikkje ein varig løysning, då behovet for helsetenester aukar, og det er behov for å bruke desse ressursane innad i eigen avdeling.

Dersom vi skal satse vidare på tidleg innsats, helsefremming og på å forbyggje sjukdom i regi av Friksliv, læring og meistring treng vi å få tilsett personar i faste stilling(ar). Eit friksliv, lærings om meistringstilbod krev minst ein 100% fast stilling som kan koordinere, utvikle og drifte dei tverrfaglege tilboda vidare.

Commented [BT4]: Tilboden vi har i dag er basert på tilskot og ressursar frå eigne avdelingar. For å halde fram eit slikt tilbod er ein avhengig av faste stillingar.

KPS MÅL 4.4: Innbyggjarane i Alver har gode levekår med sosial og økonomisk tryggleik.

«*Vi skal bidra til at utsette born og unge og deira familiar får eit heilsakleg og samordna tenestetilbod*»:

Kommentar: *Ref: Folkehelseprofil for 4631 Alver, 2022. Befolkningsstørrelse per 1. januar 2021.* Vi er over landsgjennomsnittet i forhold til personar som er misnøgde med helsa si, psykiske plagar hos ungdom, hjarte og karsjukdom og muskel og skjelettplager. Alver kommune er under landsgjennomsnittet i forhold til innbyggjara som har trua på eit lykkelig liv, deltar i fritidsorganisasjoner og som er nøgd med eigen helsestatusjon. I henhold til overvekt er vi på landsgjennomsnittet, men 22% av befolkningen som slit med denne utfordringa er høgt.

Commented [BT5]: sette dette først i avsnittet?

Ein frikslivssentral vil arbeide målretta med tiltak for å forebygge trekk ved utviklinga som kan skape eller opprettholde sosial ulikskap. Ein Frikslivssentral vil kunne setje opp førebyggjande kurs for born og familiar som slit, unge som har langvarige helseutfordringar eller er i risiko for å utvikle fedme/overvekt. Helsedirektoratet anbefaler at kvar kommune skal ha eit frikslivstilbod for born som pårørande, og nasjonal kompetanseneste for læring og meistring har laga ein nasjonal kursmodul/plan for dette.

KPS MÅL 4.5: Innbyggjarane i Alver får tenester tilpassa sine behov

«*Vi skal involvere innbyggjarane i utviklinga av kommunen og dei kommunale tenestene*»:

Kommentar: Ein frikslivssentral vil bidra med heilsaklege, trygge og koordinerte tenester. Vi er opptatt av brukarmedverknad, og av å ansvarleg gjøre brukar til å ta ansvar for eiga helse.

«Vi skal samarbeide på tvers av fagområde for å koordinere tenester»:

Kommentar: Helsedirektoratets vurderingar viser at *“Frisklivssentralar er konkrete og effektive tiltak for å styrke det systematiske folkehelsearbeidet på tvers av kommunale sektorar”*. Ein Frisklivssentral vil arbeide tverrfagleg for å kunne gi brukar eit heilskapleg og koordinert helsefremmende og sjukdomsforbyggande tilbod. Den vil kunne styrke informasjonsflyten mellom brukarar/ pasientar og eit tverrfagleg tenestetilbod. *Viser til særavtalen, vedlegg 2.* Friskliv, læring og meistring vil være ein forlengande arm av spesialisthelsetenesta, og vil sikre god samhandling og ressursutnytting mellom kommune og helseføretak.

Det står i KDP HSO at det er tiltak som er retta mot heile folkegruppa som gir dei beste resultata. Kursa til Friskliv, læring og meistring er diagnoseoverbyggjande, og hovudmålet er å førebyggja kronisk sjukdom og få folk til å leva lenger.

«Vi skal ta i bruk fleire digitale sjølvhjelpslosningar»:

Kommentar: Friskliv og Meistring har i dag fått til eit samarbeid med Vestland fylkeskommune, Bergen kommune og Askøy kommune om at innbyggjarar i Nordhordland kan delta på deira digitale røykeslutt kurs og digitale kurs i Tankevirus både for ungdom og for vaksne. Det er ingen tvil om at det i framtida vil bli større behov for digitalisering. Digitale sjølvhjelpslosningar er både tidseffektivt og kostnadssparande. For å effektivisere tilbodet tar me i dag alle kartleggings og avslutningssamtalar digitalt. Men vi ser at pågangen aukar og at behovet for endå meir digitale kurs er viktig. Ber derfor at det vert løyvd pengar til dette.

«Vi skal ha ei effektiv forvaltning som aktivt bidrar til å realisere behov og ønskjer til innbyggjarar og næringsliv»

Kommentar: I friskliv, læring og meistring møter vi kvar veke brukarar som ikkje passar inn i tenestetilbodet som gir individuell oppfølging i Alver kommune. Desse brukarane har ofte samansette utfordingar, og står ofte i risiko for å falla utanfor arbeidslivet. Kursa våre dekkar også desse problemstillingane, men vi ser at fleire av brukarane kunne ha nytte av individuell oppfølging i tillegg til kursa. Dessverre har vi på grunn av ressursmangel ikkje kunna tilby dette. Vidareutvikling av eit friskliv og meistringstilbod i kommunen vil også kunne førebyggje at personar fell utanfor arbeidslivet. Ved å få kunnskap om eigen sjukdom, og hjelp til å kunne leve godt med helseutfordingane sine vil folk kunne stå lengre i arbeid.

Kommuneplan samfunnsdel Hovudmål 5 – Slik skal vi jobbe for å nå måla

KPS Mål 5.1: Alver kommune er ein attraktiv, trygg og utviklingsorientert organisasjon.

«Vi skal jobbe målretta med kompetanseutvikling og rekruttering for å sikre rett kompetanse til å løyse framtidige»:

Kommentar: Alver kommune bør være ein attraktiv arbeidsplass, og legge til rette for at dei tilsette får heva kompetansen og utvikle tenestetilboda. Det må setjast av pengar til dette i ein kurspott i kvar avdeling og oppmuntrast til utvikling.